

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	06.10.21	34/21

**SØKNAD OM UTVISING AV BEITEAREAL VED DYRKINGSPARSELL –
ANNE KRISTINE PERSTUEN SOLBAKKEN**

Saksdokument:

1. Søknad frå Anne Kristine Perstuen Solbakken av 11.06.21.
2. Brev frå fjellstyret til kommunen, Langmorkje almenning, Statskog og Per Nesset av 14.07.21.
3. Brev frå Per Nesset av 13.08.21 til fjellstyret.
4. Brev frå Statskog av 18.08.21 til fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

Anne Kristine Perstuen Solbakken søker om å få utvist beiteareal i nærleiken av dyrkingsparsellen som bruket har i Synstlie, dvs. det er eigentleg to parsellar som blir driven som ein. Ho skriv m.a. i søknaden:

Vi driver med sau og har i dag ca. 60 vinterfora sører. Vi har 102 daa fulldyrka jord, men kun 4 daa innmarksbeite på garden, og har stort behov for beite, spesielt om høsten. Slik det er i dag beiter vi det fulldyrka arealet hjemme om våren og høsten, og på dyrkingsfeltet om høsten. Dette går over avlingsnivået vårt og beitinga er hard mot grasmarka som fort blir dårlig av for hard beiting.

I forbindelse med generasjonsskifte på garden, har vi planer om å øke antal sau til ca. 150 vinterfora. Vi har planlagt nytt sauefjøs da det gamle kufjøset som nå skal brukes til sauefjøs, er utslikt og lite rasjonelt. Med 150 vinterfora sauer har vi enda større behov for eget innmarksbeite, ikke minst om høsten.

Vi har sett for oss et areal i tilknytning til dyrkingsfeltet vårt, se vedlagte kart. Her vil det være praktisk å ha dyr utover høsten, samt å kunne få gjødslet og stelt beitet. Arealet er på vel 70 daa, og vi har avgrensa det slik at vi ikke stenger for stien som går oppover lia. Videre har vi fått med et oppkome i den sørlige delen, slik at vi lettvisst kan få drikkevatn til beitedyra. Ellers er det mulig å få vann fra Håvetjønn.

Spørsmål om utvising av beite blir behandla etter § 5 i Seterforskrifta, og den skal leggjast fram for kommunen, Statskog og allmenningsstyret for eventuelle merknader. Søknaden vart også sendt til Per Nesset, som har gardsbruk i nærleiken av det omsøkte arealet. Han har kome med følgjande merknad:

I forbindelse med Anne Kristine Perstuen Solbakken sin søknad om beiteareal i tilknytning til sitt dyrkingsfelt, har jeg innvending til at vestre delen av arealet kommer helt inn til gjerdet på Kalbakk. Dette fører til at muligheten for utvidelse her blir nesten stengt, et mye bruktyretråkk vil samtidig bli delvis stengt. Det er for tiden ingen husdyr på Kalbakk, men framtiden er ukjent. Jeg foreslår derfor at den smale remsa nord-vest på arealet blir lagt til i østre delen av arealet.

Det har ikkje kome merknader frå kommunen eller Langmorkje almenning. Statskog skriv m.a. i si uttale:

Det går fram av søknad at det aktuelle arealet ligger inntil eksisterende tilleggsareal som søker disponerer. Statskog har ingen innvendiger mot at arealet utvises som beite. Forutsatt at fjellstyret utviser beiteareal har ikke Statskog noen innvendinger mot at arealet gjerdes inn, jf. Fjellovens § 12. Før inngjerding kan gjennomføres gjør vi oppmerksom på at det utviste arealet må avgrenses ved oppmåling. Statskog vil rekvirere oppmåling når endelig utvisningsvedtak foreligger fra fjellstyret. Kostnader knyttet til dette må dekkes av Anne Kristine Perstuen Solbakken som rettighetshaver.

Kart over det aktuelle arealet er vedlagt, samt kartvedlegg frå Per Nesset.

Vurdering:

Behovet for beiteareal er godt grunngjeve, og ikkje minst med tanke på planane om å utvide besetninga. Det vil vera rasjonelt for drifta å ha beitearealet inntil dyrkingsparsellen. Innspellet frå Per Nesset bør imøtekomaast. Om det ikkje skulle bli aktuelt med meir areal til bruket Kalbakk, så er likevel den aktuelle «remsa» i sørvest, som utgjer ca. 9 dekar, ein del av gjeilen på vestsida av dyrkinga til Perstuen Solbakken. Det skulle vera greitt å leggje til tilsvarande areal mot aust.

Innstilling til vedtak:

Med heimel i § 5 i Seterforskrifta får Anne Kristine Perstuen Solbakken utvist eit beiteareal på ca. 70 dekar inntil dyrkingsparsellen i Synstlie. Fjellstyret grunngjev dette med at det er behov for meir beite både etter dagens drift på garden, og ikkje minst i planane om å utvide sauebesetninga. Med bakgrunn i m.a. merknad frå Per Nesset, meiner fjellstyret det omsøkte arealet mot sørvest ikkje bør visast ut til beiteareal. Sjølv utvisinga med avgrensing av arealet vil skje med fjellstyret og Statskog, som Perstuen/Solbakken blir innkalla til.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Gunn Berit Aasheim var inhabil, og ho deltok ikkje i behandlinga av saka.

Rett utskrift. Går til:

Anne Kristine Perstuen Solbakken
Statskog SF

Kopi til:

Kommunen v/landbrukskontoret
Langmorkje almenning
Per Nesset

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no